https://www.regionaleforskningsfond.no/more-og-romsdal/om-rff-more-og-romsdal/nyheiter-rff-more-og-romsdal/nyheiter-2025/blue-ctrl-i-alesund-far-114-millionar-kroner-fra-forskningsradet/

Blue Ctrl i Ålesund får 11,4 millionar kroner frå Forskningsrådet

Blue Ctrl har nyleg blitt tildelt 11,4 millionar kroner frå Forskningsrådet for å vidareføre sitt kvalifiseringsprosjekt innan reduksjon av drivstofforbruk for havbrukstenestefartøy.

PUBLISERT 26. MARS 2025



Prosjektet forskar på reduksjon av drivstofforbruk for havbrukstenestefartøy, som her på servicebåten Frøyblikk. Foto: Frøy AS

Med overgangen til batterielektriske fartøy, har det blitt enda viktigare å optimalisere innstillingane for kraft- og energistyringssystema om bord. Blue Ctrl samarbeider med SINTEF Nordvest og reiarlaget FRØY, og nyttar datadrivne metodar for å finne måtar å spare drivstoff på under ulike operasjonar og vêrforhold.

Prosjektet har tidlegare fått tilskot frå Regionalt forskingsfond Møre og Romsdal (RFF) i eit regionalt kvalifiseringsprosjekt. Ordninga skal styrke forsking og innovasjon i næringslivet i Møre og Romsdal og kvalifisere bedriftene til å søke ytterlegare tilskot frå nasjonale og internasjonale verkemiddel. Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som forvaltar ordninga med kvalifiseringsprosjekt.

Lovande resultat og framtidige forventningar

Resultata frå prosjektet så langt er lovande, seier Øyvind Herse, som er sekretariatsleiar for regional forskingsfinansiering i Møre og Romsdal og rådgivar i seksjon for næring og nyskaping i fylkeskommunen.

– Samarbeidspartnarane i prosjektet i Blue Ctrl forventar redusert drivstofforbruk, lågare karbonavgifter og redusert miljøavtrykk, noko som vil styrkje konkurranseevna, seier han.



Oppstartsituasjon om bord i kabelleggingsfartøyet Nexans Aurora. Foto: Ulstein Group

Vidareutvikling av innovasjonen

Blue Ctrl såg raskt behovet for meir forsking og utvikling knytt til å utvikle ein dataplattform for denne typen fartøy. I desember 2024 blei dei altså tildelt 11,4 millionar kroner frå Forskningsrådet for å vidareutvikle innovasjonen som starta i det regionale kvalifiseringsprosjektet.

`Meldinger ved utskriftstidspunkt 30. oktober 2026, kl. 16.28 CET`

> Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.